

TYSNES KOMMUNE



REGLAR FOR

FLYTTEGODTGJERSLE

Vedtekne i Tysnes kommunestyre 3. februar 1994

1. Tysnes kommune gjev flyttegodtgjersle til tilsette i fast oppretta stillingar.

For deltidsstillingar vert flyttegodtgjersle gjeven i høve til storleiken på stillinga.

Reglane gjeld for tenestemenn/kvinner som flyttar til kommunen.

2. Reglane gjeld ikkje for lærarar eller andre tenestemenn/kvinner som får flyttegodtgjersle frå andre instansar.
3. Kommunen dekkjer 60% av følgjande utgifter:
 - a. Vanleg skyss for tenestemenn/kvinner med husstand etter rimelegaste reisemåte.
 - b. Legitimerte utgifter til lasting, sending og forsikring av flyttegods.
 - c. Ein føreset at tenestemannen/kvinna hentar inn alternative anbud for flytting og forsikring og nyttar det som er rimelegaste for kommunen.
 - d. Reiserefusjon utanfor landets grenser må det søkjast om særskilt i kvart enkelt tilfelle.
4. Søknad om flyttegodtgjersle med turvande vedlegg må sendast formannskapskontoret snarast og seinast innan 2 månader etter at flyttinga har funne stad.
5. Dersom tenestemann/kvinne som har fått flyttegodtgjersle sluttar i kommunen si teneste etter eige ønskje innan 2 år, må den godtgjersla som er motteken refunderast i høve til den bindingstida som står att (x 24 deler). Det vert ikkje sett bindingstid for flyttegodtgjersle under kr. 500,-. Summar under kr. 500,- vert ikkje krevd inn.
6. Administrasjonsutvalet kan etter søknad i det einskilde tilfelle fråvika reglane der desse vil virka urimelege eller der fråviking synest turvande.
7. Utgiftene vert dekkja over underpost for skyssgodtgjersle på dei einskilde kapitla.
8. Med tilvising til kommunelova § 23 nr. 4 vert det delegert til rådmannen å ta avgjerd etter desse reglane i saker som ikkje er av prinsipiell art.